

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ser det som viktig og positivt at Samnanger kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen og får ein arealdel med felles planskildring, plankart og føresegner for heile kommunen inkludert sjøareala. Den heilskaplege og tilgjengelege kartløyisinga som er utarbeidd for arealdelen er ei god og framtidsretta løysing som legg til rette for god medverknad, informasjonsdeling, innsyn og einsarta sakshandsaming.
2. Hordaland fylkeskommune er positive til at det i planforslaget vert prioritert å satsa på fortetting og utbygging i vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn. Dette er i tråd med vedtekne mål og retningslinjer i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028.
3. Kommuneplanen sin arealdel for Samnanger bør i større grad følge opp Regional plan for attraktive senter i Hordaland for å fremja attraktive senter, livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Planen bør innehalda:
 - Definisjon av senter og senterstruktur i kommunen i samsvar med regional plan.
 - Ein tydelegare vurdering av behovet for plankrav for sentrumsområdet Haga.
 - Ein tydelegare drøfting og grunngjeving for aktuelle sentrumsutstrekningar i alle sentera i kommunen.
 - Omtale og føresegner om lokalisering av handel.
4. Hordaland fylkeskommune meiner dei regionale interessene for akvakultur kunne vore tydelegare utgreidd og vektlagt. Planen bør innehalde:
 - Ei drøfting av akvakulturnæringens sine noverande og framtidige behov. Det er viktig at kommunen planlegg godt slik at ein ikkje får trong for dispensasjonar etter kort tid, og sikrar næringa fleksibilitet.
 - Ei vurdering om det er fleire område som kan egne seg for akvakultur.
5. Alle tiltak i LNF-Spreidd område skal sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
6. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) må takast med i planføresegnene.
7. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.
8. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Samnanger mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning:
 - I «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
 - II «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»